

Forbøn 3 (2021)

ML | Lat oss be for kyrkja og verda.

Evige Gud, skapar av himmel og jord,

vi takkar og lovprisar deg for all di miskunn mot oss.

Vi bed for ditt skaparverk.

Vis oss korleis vi sjølve er ein del av alt du har skapt,

så vi kan verna om skaparverket som gode forvaltarar.

Lei folk og nasjonar til å leva i fellesskap og fred.

Vara vår konge og hans hus.

Gjev visdom og mot til alle som har leiaransvar blant oss.

(Vi bed for:)

Fri oss alle frå hemnlyst og hat,

og hjelp oss til å leva i fred og forsoning.

Gud, vi bed.

A | Kyrkjelydssvar

ML | Vi bed for alle som lever i fattigdom.
Gjev vern og ly for dei som er på flukt frå krig og katastrofar.
Vi bed om fred for Jerusalem
og for alle som har sine håp knytte til denne byen.
Ver nær hos alle som er sjuke, og som treng hjelp.
Vi bed for alle som manglar fellesskap og kjenner seg utestengde.
Hald di vernande hand over barnet i mors liv.
Gjev styrke og livsmot til alle som blir utsette for vald og overgrep.

(Vi bed for:)

Gjer oss til tenarar som kan lytta, lindra og lækja.
Gud, vi bed.

A | Kyrkjelydssvar

ML | Vi bed for di kyrkje.

Fyll henne med din Ande.

Vern oss mot vrang lære og død tru.

Ver hos dei som blir forfølgde for ditt namns skuld.

Vi bed for Ragnhild, biskopen vår,
og for alle med leiaransvar i kyrkja vår.

Vi bed for kyrkjelyden vår og for gudstenester og samvær.

Vi bed for _____

som vart døypte i dag,

for foreldra, fadrane og andre som står dei nær.

Vi bed for konfirmantane våre.

Hjelp dei å finna din veg gjennom livet.

Lat dei kjenna seg omgjevne av din kjærleik.

(Vi bed for:)

Gjev oss eit ope sinn i møte med menneske som har ei anna tru eller
overtyding, så vi snakkar sant om kvarandre.

Gud, vi bed.

A | Kyrkjelydssvar

ML | Gode Gud, vi bed for dei fellesskapa der vi høyrer til, kyrkjelyden, familien, vener og grannelag.

Vi bed for barnehagane og skulane våre, for bedrifter og arbeidsplassar og alle som er utan arbeid.

Hjelp oss å sjå meining i kvardagen.

(Vi bed for:)

Vi bed for heimane våre.

Lat truskap og respekt prega vår omgang med kvarandre.

Gud, vi bed.

A | Kyrkjelydssvar

ML | Stilt vil vi no leggja fram for deg det kvar av oss har på hjartet.
(*Stille bøn*)

ML | Gud, vi bed.

A | Kyrkjelydssvar

(Dersom det har vore gravferd sidan sist vi var samla):

ML | Vi reiser oss og minnest dei i kyrkjelyden vår som det er halde gravferd for sidan sist vi var samla.

Ein les opp namna på dei døde. Kort stille stund.

Anten

ML | Lær oss å telja våre dagar, så vi kan få visdom i hjartet.

eller

ML | Jesus seier: «Eg er oppstoda og livet.

Den som trur på meg, skal leva om han så døyr.»

eller

ML | No er livet gøymt hos Gud. Vi overgjev alt til han. Håpet er tent i liv og død. Ingen er gløymd av Gud.

Miskunsame Gud, trøyst dei sørgjande og ver dei nær i tida som kjem.

A | Kyrkjelydssvar